



Meland kommune kulturavdelinga v/ Eirik Bouwer Utne

Referanser:

Dykker:

Vår: 19/1132 - 19/12390

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

03.06.2019

## Søknad om bygging av landbruksveg - Vardnesvegen på Gnr. 38/2 Reskar i Meland kommune

**Tiltak: Bygging av landbruksveg på ca. 325 meter i vegklasse 4 og masseuttak.**

**Gbnr: 38/2**

**Kommune: 1256 Meland**

**Frist for uttale: 26.06.2019**

Meland kommune har motteke søknad frå Olav Skår om å få bygge ein landbruksveg på Refskar. Det vert søkt om å få bygge ein veg i vegklasse 4 på ca. 325 meter. Vegen skal nyttast i samband med jord- og skogbruk på garden. Det vert søkt om løyve til masseuttak i samband med bygging av vegen, det er planer om å ta ut ca. 1000 m<sup>3</sup> med stein. Vegen har 100 % landbruksformål.

Bygginga av vegen vil vere eit viktig tiltak på garden for å betre tilkomsten både til jordbruksareal og skogen. Det er ikkje ein god vegtilkomst til denne delen av eigedomen i dag, det er eit eldre køyrespor/veg som har vore nytta i samband med drift av skog og beiting av utmark. Søkjar ynskjer å bygge ein veg som kan gje betre tilkomst til jordbruks- og skogareal, samt gi ein lettere tilkomst til utmarksbeite på eigedommen. Søkjar må i dag køyre over/ i kanten av eit innmarksbeite for komme lengre inn på eigedommen. Bygging av vegen vil gjere tilgangenpå eigen innmark og lettare og enklare utan å risikere køyreskader på innmarka. Betre vegtilkomst vil samstundes gjere det enklare å kunne drive jorda og skogen på bruket. Landbruket krev stadig fleire og større maskiner, og i eit vått klima er det viktig med god vegtilkomst. Vegar kan redusera køyring på innmark og difor redusera køyreskader og jordpakking. Vidare er god vegtilkomst viktig for å kunne driva meir rasjonelt og økonomisk

Etter for skrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, kap. 3, vedtak og villkår mv § 3- 1, skal kommunen før eit vedtak fattast innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1 - 1. Kommunen ynskjer å klarleggja om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før saka vert handsama. Saka vert sendt Hordaland fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Kommunen sendar også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale då det er skogbruksinteresser i vegen jf . § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i sakar om nybygging av skogsbilvegar.

Søknadsskjema og kart over tiltaket er lagt ved.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

**Vedlegg:**

Kart

Søknad om bygging av landbruksveg Vardnesvegen

**Kopi til:**

Olav Skår

Ådlandsvegen 909 5919

FREKHAUG

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hordaland Fylkeskommune - kultur og idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Meland kommune kulturavdelinga v/ Eirik Bouwer Utne			